


REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIOMRÅDE  
SVEEN  
REGULERINGSFØRESEGNER



§ 1

Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innanfor dette området skal alle bygninger plasserast i slik minstefråstand frå veg som dei innteikna byggegrensene syner.

§ 2

Areal for industri.

Bygg kan først opp etter godkjent bebyggelsesplan. I den skal det visast plass for av- og pålessing, parkering, avkøyrslar, plantingar og inngjerding.

Innanfor området kan det byggast kai.

Bygningsrådet kan forby verksemd som etter rådet sitt skjon er sjenerande for omgjevnaden eller er til ulempe for offentlig ferdsel.

Bygningsrådet kan påby at all lagring av råvarer, halvfabrikata eller ferdige varer skal finna stad under tak,

§ 3

Areal for forretningsområde.

Bygninger kan først opp i 2 etasjar. Bygningsrådet kan samtykke i at deler av bygningen blir innreidd til bustadforemål. Innanfor området kan det byggast kai.

Bygningsrådet kan forby verksemd som etter rådet sitt skjon er sjenerande for grannar og gjenbuarar, eller er til ulempe for offentlig ferdsel.

Før bygg kan settast opp skal det føreligge godkjent bebyggelsesplan. I den skal det visast plass for parkering på eige område, avkøyrslar, plantingar og eventuell inngjerding.

§ 4

Areal for privat kai.

Bygninger og fasteanlegg etter bygningslova sin § 84 skal visast i plan godkjent av bygningsrådet.

§ 5

Friområde.

På arealet må ikkje noko oppførast som kan hindra utnyttning av arealet til friområde. Vegetasjon og innretningar må ikkje hindra sikt langs vegen.

- 2 -  
§ 6.

Sams føresegner.

Når bygningsrådet handsamar søknader om byggeløyve skal rådet sjå til at bygningane får ei god og harmonisk form både når det gjeld materialbruk og utforming. Fargen på hus skal godkjennast av bygningsrådet.

Det skal ikkje byggast på noko tomt før bygningsrådet har godkjent tomtedelinga i området.

Bygningsrådet skal godkjenne utforming, høgde og farge på alle gjerde.

All eksisterande vegetasjon bør bevarast best mogeleg, og ingen må plante tre eller busker som etter bygningsrådet sitt skjønn kan vere sjenerande for grannar eller gjenbuarar, eller for den offentlege ferdsel.

Alle avkøyrslar til offentleg veg skal vere oversiktlege og best mogeleg trafikksikre.

Der serlege grunnar talar for det kan bygningsrådet tillate unntak frå desse føresegnene, innanfor råma av bygningslova og bygningsføresegnene.

Sande, 10.11.1982